

UNGDOM I HAUGESUND - SLUTT OPP OM FAGLEG I.MAI FRONT TOGET !

- dersom du støttar frigjeringsrørsler i Afrika eller andre stader
- dersom du er imot supermaktene USA og Sovjet
- dersom du er ~~imot~~^{for} forbod av nynazistane bak "Norsk Front" osv.

Dette er berre nokre av parolane som Fagleg Front stiller til I.mai. Du bør gå i dette toget, fordi det er det einaste verkelege front-toget og det einaste toget som held oppe og vidarutviklar I.mai- dagen som arbeidarklassen og andre undertrykte grupper sin kamplog.

Dei raude I.mai-toga har i dei siste åra vore dei klart største på landsbasis, ifjor gjekk over 20 000 i Fagleg Front-toga.

Det store fleirtal av ungdom i Haugesund høyrer heime i og bør gå i toget til Fagleg I.Mai Front. Dette er det einaste klassekamptoget, i motsetnad til Samorganisasjonen sitt tog som direkte eller indirekte vil driva propaganda for Arbeidarpartiet sin borgarlege politikk for at dei skal vinna Stortinget i år.

Om kring på skular og arbeidsplassar, i fritida og i andre samanhengar vert ungdomen her i distriktet undertrykt og møter problem av ulik art. Ein del får ikkje jobb, ikkje trygd heller, og forfell til sløvhet og passivitet. Dei tyr av og til også til drikking eller stoff, og vert eit så alvorleg "pøbelproblem" at Handelsstanden må kalla inn til møte for å diskutera kva som må gjerast !

VEND!

For ei tid sia vart forfattaren Edvard Hoem stogga midt i eit litterært foredrag han heldt på gymnaset. "Ml-propaganda" skreik rektor Fjell opp i Haugesunds Avis. D ette grove angrepet på ytringsfridomen og elevane si sjølvstendige vurderingsevne må me protestera imot. Kravet må vera at Hoem kjem attende og heldt foredraget.

Løyvingane til ungdomsklubbar og anna fritidsaktivitet for ungdom er altfor små og t. d. Kontakt-Forum har i dei siste åra motteke stadig mindre og mindre. Det er tydeleg at kommunen satsar på å øydeleggja det stort sett einaste tilbødet til ei stor gruppe sentrumsungdom om kveldane.

På Avaldsnes var det ein ungdomsaksjon i gang for å ta det gamle kommunehuset i bruk til ungdomsklubb. Dette gjekk ikkje kommunen med på. Samstundes veit vi at kommunen utan å blunka løyver hundretusenvis av kroner til nye bedehus og kyrkjer. Den nye kyrkja på Norheim t. d., er førebels anslått til å kosta 8,1 mill. kr!

Fagleg I. Mai Front ser det som viktig å få mange ungdommar i toget. Det må vera ungdommen sjøl som tek opp krav dei har å stilla, og laga lokale parolar om dette. På bakgrunn av dette vil Fagleg I. Mai Front i Haugesund kalla inn til stort ungdomsmøte onsdag 27. april kl. 1930 i Kontakt-Forum sine lokaler i Strandgt. Møt fram og sei di meining, og få med deg mange kameratar!

FAGLEG I. MAI FRONT I HAUGESUND